



Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200501591-129/344/GMAT

Dykkar ref.:  
10/01311-19

Bergen, 21. februar 2011

## Kraftleidnings-saka i Hardanger. Fråsegn til sjøkabelutgreiingane

Hordaland fylkeskommune er i brev dagsett 28.1.2011 beden om å gje fråsegn til sjøkabelutgreiingane gjennom Hardanger. Fylkesutvalet har handsama Sima-Samnanger fleire gangar (sjå vedlegg). Med den korte høyringsfristen rekk vi ikkje politisk handsaming av rapportane.

### Merknader

Fylkesutvalet har bedt om utgreiing av kabling. Eg er glad for at det no er gjort.

Rapportane går grundig gjennom saka og sett Sima-Samnanger inn i større samanheng. Slike saker må ha ei heilskapleg tilnærming. Det føreset ein samordna nasjonal politikk som set produksjon, forsyning og overføring av energi i samanheng med natur-, miljø- og kulturverdiar og opnar for ulike teknologiske løysingar. Noreg treng ei ny energimelding med kabling som eit reelt alternativ.

Rapportane er ganske samstemte på at det ikkje var ein energikrise i BKK-området sist vinter. Dei sprikar noko på kor alvorleg forsyningssituasjonen var.

Trygg energiforsyning i BKK-området er hovudgrunn til behov for lina Sima-Samnanger. Rapportane viser at forsyningstryggleiken ikkje står og fell med denne lina. Det er lina Modalen-Mongstad-Kollsnes som er viktig for forsyningstryggleiken. NVE har no innstilt til OED om val av trasè og ikkje tilrådd kabling, trass i Fylkesutvalet sitt vedtak i saka. Dette må Fylkesutvalet komme attende til.

Fylkesutvalet bad i 2005 om at oppgradering av lina Åsen (Sauda)-Mauranger-Samnanger vart nærare analysert. Dette står vi fast på. Dette alternativet gjer òg Utval IV framlegg om nærare utgreiing av.

Sjøkabel er mogleg, men dyrare, og tar lenger tid å leggje. Det påverkar ikkje grunnlaget for å kople småkraft til regionalt nett. Meirkostnaden er berekna til 3,4 mrd kr, eller 90 kr per norsk husstand i 35 år. Den samfunnsmessige meirkostnaden ved at sjøkabling får gjennomslag i Noreg (følgjeverknader eller smitteeffekt) er berekna til 30 mrd. Dette kan ein stille spørsmål ved.

### Landskapsverdiar

Fylkesutvalet har påpeikt landskaps-, miljø- og naturverdiane i Hardanger. Landskap er meir enn estetikk. Naturmangfaldlovas § 3 slår fast at landskap er ein del av naturmangfaldet:

”I denne lov forstås med i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning.”

Hordaland fylkeskommune har utført ei klassifisering av fylket sine landskapstypar etter NIJOS-metoden, jf Utval III. Arbeidet blir ført vidare i ei verdivurdering. Dette vil vere nyttig ved framtidige landskaps- og terrenginngrep. Vurdering av landskapet må vere fakta- og kunnskapsbasert. Ein må unngå at eit hovudkarakteristika ved fylket vårt og ved Noreg – det unike hardangerlandskapet - vert nedvurdert på tvers av vanleg oppfatning.

Vekting av ”ikkje-målbare” samfunnsinteresser er krevjande og samfunnsøkonomiske metodar er ikkje alltid best. Bete metodar må utviklast.

### *Kulturminnekonfliktar*

Fylkeskommunen har ansvar for vern av kulturminne. Konesjonen til luftspenn og konfliktane med kulturminnelova er framleis ikkje løyst. Traséen berører 24 kulturminne. OED har føresett at det vert teke naudsynte omsyn under detaljplanlegginga.

Bergen sjøfartsmuseum har undersøkt fjordbotn og påvist 4 vrak; ingen er i direkte konflikt med mogleg trase for sjøkabel. Det er krav om minsteavstand til objekta. (*Rapport fra marin-arkeologiske registreringar Sjøkabel i Hardangerfjorden Eidfjord – Kvam herad*, Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum). Kabel i sjø er i mindre konflikt med kulturminnelova.

### *Energieffektivisering i alminneleg forbruk*

Utval III omtalar kraftforbruk og forventar vekst i alminneleg forsyning (husstandane) i BKK-området på omlag 1 % per år dei neste ti åra (*Basis scenario*), pga forventa befolkningsvekst på 1 % per år. Klimaplan for Hordaland (vedtatt 2010), utarbeidd på oppmoding frå KRD og MD, støtta av Enova, og m.a. med utgangspunkt i Klimaforliket og EU sine energimål, har følgjande hovudmål for energi:

”Energibruken skal reduserast og gjerast berekraftig gjennom effektivisering og bruk av ny fornybar energi. Innan 2030 skal energibehovet til alle føremål i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.”

Delmål 1: ”Bruken av energi i hushald, offentleg verksemd og tenesteyting skal vere minst 20 % lågare i 2020 enn i 2007. Energieffektivisering skal vere førsteval.”

Våre mål om å redusere energibruken i hushald fram til 2020 står i kontrast til BKK og Utval III sitt Basis scenario. Dette scenariet må ikkje bli ein sjølvoppfyllande profeti. Vi etterlyser konsistente incentiv frå Regjeringa til ein heilskapleg klima- og energipolitikk i kommunal sektor. Statlege ambisjonar om energieffektivisering må bli meir offensive.

### **Konklusjon**

Sjøkabel som eit realistisk alternativ for kraftoverføring mellom Sima og Samnanger vert understøtta av rapportane frå sjøkabelutgreiinga:

- Sjøkabel er teknisk og økonomisk realiserbart
- Det vil ta lengre tid å leggje ein sjøkabel, men ei utsetjing er ikkje akutt i høve til forsyningstryggleiken til BKK-området
- Sjøkabel påverkar ikkje grunnlaget til å kopla på småkraft frå Hardanger.
- Luftline kan utsetjast sidan det er mogleg å sikra forsyningstryggleiken i BKK-området.

Hordaland fylkeskommune held fast på at spenningsoppgradering av lina Åsen (Sauda)-Mauranger-Samnanger må utgreiast. Utbygginga av Modalen-Mongstad-Kollsnes er det viktigaste tiltaket for å styrkje forsyningstryggleiken til BKK-området. NVE si innstilling til OED om ikkje å tilrå jordkabling på strekninga Mongstad-Kollsnes er eit forhold som Fylkesutvalet i Hordaland må komme attende til.

Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje luftspenn. Viss OED likevel vel å oppretthalde konesjonen for luftline Sima-Samnanger, ber vi departementet gå i dialog med berørte kommunar og fylkeskommunen med tanke på kompensierende tiltak. Den økonomiske kompensasjonen som er lova til kommunane frå regjeringa på 100 mill kr. aukast til 500 mill. kr., i tillegg til dei avbøtande tiltak.

Uansett endeleg val av alternativ må kulturminnekonfliktane løysast.

Regjeringa si satsing på energieffektivisering må også styrkjast.

Hardanger har eit unikt landskap og må verdsetjast deretter.



Torill Selsvold Nyborg

Vedlegg: Tidlegare vedtak i saka frå Hordaland fylkeskommune

Kopi: Berørte kommunar – Eidfjord, Ulvik, Granvin, Kvam, Samnanger.  
Hardangerrådet